



ÅRSRAPPORT 2013

— Mangfold, motivasjon og meistring —





Styret si sammansetting

Styret har i 2013 hatt
7 medlemmer:

Medlemmer:

- Arve Due Lund, *Styreleiar*
- Børre Jacobsen, *Nestleiar*
- Ellen Marie Lillevangstu Njøs, *Styremedlem*
- Olav Reidar Furnes, *Styremedlem*
- Aud Viken, *Styremedlem*
- Aage Ness, *Styremedlem*
(repr. for tilsette)
- Kirsti Hellesøy, *Styremedlem*
(repr. for tilsette)

Vara:

- Jofred Åsnes
- Bjørn Tønnesen
- Christine Nikøy,
(vara repr. for tilsette)

Brukarutvalet

Brukarutvalet har fire medlemmer som representerer ulike brukarorganisasjonar. Utvalet har to møter årleg.

Medlemmer:

- Ivar Halland, *leiar*
Hørselshemmedes Landsforbund Sogn og Fjordane
- Øystein Ryningen
Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane
- Kari Ann Holme
MS Forbundet Sogn og Fjordane
- Turid Berge Vereide,
Brystkrefthforeningen, Sogn og Fjordane

Vara:

- Synnøve S. Engen
- Hjørdis Åsnes
- Stein Magne Aksnes

STYRELEIAREN HAR ORDET

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er godt etablert som rehabiliteringsinstitusjon innen spesialisthelsetjenesten. Samarbeidet med Helse Vest har lagt grunnlaget for at institusjonen har fått utviklet et tilbud innen spesialisert rehabilitering som er av høy faglig kvalitet. Som senter for spesialisert rehabilitering, ser vi det som vår rolle å være en pådriver innen både kunnskapsbygging og kunnskapsdeling. Styret er derfor opptatt av at en får til systematisk dokumentasjon av resultat og at en samarbeider med forskningsinstitusjoner for å skaffe mer kunnskap om rehabilitering. Samhandling med kommuner og sykehus er også viktig både for å sikre fagutvikling og gode tjenester til pasientene. Våre samhandlingsprosjekt har gitt oss erfaringer og kunnskap om hvordan en kan utvikle modeller der en styrker brukermedvirkningen og får til samhandling mellom de ulike aktørene i helsetjenesten.

Siden Sogn og Fjordane Røde Kors startet sin aktivitet på Haugland, har Røde Kors sine verdier stått sentralt i utviklingen av senteret. Respekt, likeverdig behandling og tro på hvert enkelt individ sine ressurser, er verdier vi ønsker å fremme. Målet om økt deltakelse sosialt og i samfunnslivet blir stadig viktigere i en tid der vi ser at mange faller utenfor. For mange av våre pasienter er det å komme tilbake i arbeid et viktig mål, for andre kan deltagelse på andre arenaer være like viktig. Vårt tilbud blir tilrettelagt slik at hver enkelt kan oppleve mestring, lære nye aktiviteter, få opplevelser og kunnskap som kan bidra til at en klarer hverdagen bedre.

I skrivende stund venter vi i spenning på resultatet av nye forhandlinger med Helse Vest. En ny, langvarig avtale vil styrke vår posisjon og gjøre oss i stand til å kunne utvikle oss videre. Forutsigbarhet er en forutsetning for at selskapet skal kunne gjøre de investeringer som er nødvendig for å møte framtidens pasienter.

Arve Due Lund, Styreleier



BETRE SAMHANDLING GIR BETRE TENESTER

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har ein god posisjon som rehabiliteringsinstitusjon på Vestlandet. Det ser vi blant anna på den store auka i søknader til senteret. Kring 1500 personar fekk tilbod om opphald i løpet av 2013, ei god auke frå tidlegare år. Den store etterspørselen gjer til at vi har byrja å arbeide med planar om å utvide med fleire pasientrom. Teikningane på to nye hus med til saman 20 moderne pasientrom er klare, og ein håper at bygginga kan starte opp i 2014. Dette er ei ny, stor investering for selskapet som skal gjere oss i stand til å kunne ta imot enda fleire pasientar i framtida.

Samhandlingsreforma og iverksettinga av denne byrjar også vi å merke no. Det har i 2013 blant anna vore ei endring på pasientane som vert søkt inn på institusjonen. Fleire har større behov både med omsyn til spesialisert kompetanse og bistand i daglegdagse aktivitetar. Fagleg flinke medarbeidarar har klart å ta i mot også desse nye pasientgruppene på ein framifrå måte. Vi er stolte av å ha bygd opp ein tverrfagleg og spe-

sialisert rehabiliteringskompetanse som kan ivareta dei ulike pasientane sine behov.

Det har i år også vore eit auka fokus på å styrke samhandlinga mellom dei ulike nivåa i helsetenestene. For institusjonen har dei ulike prosjekta knytt til samhandling med fastlege og anna helsepersonell frå kommunen, NAV og arbeidsgjevar vore sentrale. Prosjekta har vorte godt motteke ute i kommunane, og både det lokale tenesteapparatet og pasientane sjølv meiner at denne form for samhandling er nyttig i ein rehabiliteringsprosess. Sjølv om prosjekta no er avslutta håper vi å kunne bygge vidare på dei gode erfaringane vi har med oss frå prosjekta.

Interessa for å kome på hospitering ved institusjonen har i 2013 vore større enn nokon gong. Helsepersonell frå både kommunehelsetenesta og sjukehusa er på hospitering ved senteret, noko som er både inspirerende og nyttig. Det å få til eit godt samarbeid med sjukehusa og kommunehelsetenesta er viktig for å utvikle gode tilbod til pasientane. Med meir kjennskap til kvarandre og kvaran-

dre sin kompetanse, kan ein få betre samhandling mellom dei ulike nivåa og betre tenester til pasientane. Vi er glade for at Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er ein pådrivar til å utvikle gode arenaer for samhandling. Dette trur vi er avgjerande i møte med dei oppgåvene og dei utfordringane som vi og resten av helsevesenet vil møte i framtida.

Inger Johanne Osland
Direktør



DELTAKELSE - TRIVSEL - ARBEID

Jobb er viktig. Det å trives på jobben er viktig. Det å ha ansvar på jobben er viktig. Det å oppleve mestring i det man skal gjøre er avgjørende. Jobb er helse.

Jeg opplever meg privilegert som har fått lov å være med på en 20-års reise med Hauglandsenteret. Vi har vært igjennom gode og dårlige tider og gjennomlevet reformer og politiske omstillinger som har gjort tilværelsen tidvis usikker, men samtidig har det gitt en inspirasjon og glød til å holde på. Det er en utrolig flott stab som alle bidrar optimalt med de ressursene og særegenhetene de måtte ha. Styret og leder ser det vi gjør, oppmuntrer, inspirerer og krever!

Deltakelsesperspektivet har alltid vært viktig ved Hauglandsenteret og leder har uttalt at vi skal bli en institusjon med høyest oppnåelige trivselsfaktor. Jeg tror RKHR vil klare det og et godt mål vil være en høy arbeidstilstedeværelse.

Det å skulle arbeide med rehabilitering er mer enn bare den fysiske rehabiliteringen. Vi har nå i snart 7 år jobbet med samhandlingsprosjekt hvor kobling mot arbeidsgiver, NAV og fastlege er avgjørende for å legge forholdene til rette for en god samhandling rundt pasienten på individnivå. Samhandlingsprosjektet viser at vi er på rett vei sett ut i fra de krav som nå stilles av politiske myndigheter.

Senteret har siden oppstart hatt visjonen til Erling Stordahl med begrepet Helsesport. Dette er et omdiskutert begrep og har etter hvert mer preg av tilpasset fysisk aktivitet. Ved RKHR har vi valgt å ikke bare ha fokus på de fysiske elementer, men også hatt den sosiale og arbeidsmessige deltagelse, og har opparbeidet god kompetanse i psykoedukative metoder. Jeg synes staben ved senteret gjør en fantastisk jobb ved å ha individuelle opplegg til pasienter og vektlegge ressurspotensialet i hver enkelt. Det å se pasientens muligheter og at de selv tilkjenner og erkjenner at de duger er en forutsetning for å gå videre med for eksempel arbeidsdimensjonen.

Det å bevisstgjøre pasientens evne til sosial og arbeidsmessig deltagelse er jo nettopp de føringer som de politiske myndigheter legger opp til. Det staben gjør i dag i aktivitetssammenheng innbefatter friluftsliv og uteaktiviteter og normalisering av dagligdagse aktiviteter som hjelper å se individets ressurser og ikke bare helsemessige begrensninger. Det å bruke senterets fantastiske omgivelser, anlegg og ikke minst den entusiastiske faglige dyktighet hos stab er noe som er med å skape en fantastisk arbeidsplass.

Smitteeffekten av at alle pasienter merker vår trivsel bidrar til at vi kan være rollemodeller for at de selv opplever at et arbeidsmiljø er en god

blanding av glød, mestring, faglighet og entusiasme.

2014 vil bli et spennende år med inngåelse av nye avtaler som forhåpentligvis vil gi et mer langsiktig perspektiv med muligheten for å bygge videre med bedre forutsetninger enn det vi har hatt tidligere.

Jeg har behov for å takke styret, leder og en utrolig flott stab for at min trivsel ved å være i arbeid ved Hauglandsenteret er så stor som den er.

Jeg tror på oss - jeg vet at det er mange andre som også gjør det.

Eirik Fismen
Overlege, Spes. Fys. med og Rehab.



MED NATUREN TETT INNPÅ SEG

Den vakre naturen i Sunnfjord skaper ei flott ramme rundt rehabiliterings-senteret. Like nedanfor hovudbygningen ligg fjorden med si lune vik som inviterer til ulike båtaktivitetar. Dei tradisjonelle trebåtane er gode å ha enten man ynskjer å prøve fiske-lukka eller få seg ei treningsøkt med roing. Kanoar og kajakkar kan vere ei utfordring for nokon, men etter litt opplæring er det utruleg kva ein kan få til. Anne som flytta seg frå rul-lestolen til kanoen seier det slik: «Det gav meg ei utruleg mestringsopp-leving. Det at dei tilsette var trygge og hadde trua på meg, gjorde at eg vågde å prøve meg. Ei flott og annleis oppleving av naturen».

Fleire båtar har vi og fått etter at dei tilsette på Snorre A plattform bestemde at vi skulle få pengane som kom inn på deira julelotteri. No ligg to flotte båtar klar til bruk for pasien-tane på Haugland. Vi er sikre på at mange vil få gleda av dei.

Senteret har fasilitetar for varierte aktivitetar ute uansett årstid. Med gangbruer ut på holmane, tilrettelagt med turstiar og bålplassar, treng

ein ikkje bevege seg langt for å få ei oppleving av å vere ute i naturen. Fuglekassane tiltrekker seg fuglar av mange slag, og er du heldig kan du få auge på kattugla eller ein hakke-spett. Her kan du finne deg ein benk og ha ei roleg stund eller ein liten sti full av røter som verkeleg kan utford-re balansen.

Fjella rundt senteret vert også flittig brukt. For dei som ynskjer å teste seg litt, er kanskje toppen av Storåsen eller utsikta på Longelia målet. For andre er kan det vere at sjølve turen opp er meir interessant. Då kan ein stoppe opp ved «steinen» for å få god utsikt ned på senteret, rusle over til den gamle stølen eller lytte etter lyden frå fossen. Naturen og området er tilrettelagt slik at alle kan finne ein tur som passer akkurat det ein er ute etter.

Når vi på senteret brukar naturen som ein viktig ressurs i eit rehabi-literingsopphald, er det fordi den kan representere ein kontrast til det moderne, hektiske samfunnet. I naturen kan ein få andre opplevin-gar - stillheit, ny kunnskap, nye lukter.

Nokon brukar naturen til å utfordre seg sjølv og få meistringsopplevingar, mens andre nyttar den til å roe ned, flytte fokus og ta tid til seg sjølv. Vi har og gode erfaringar med å bruke uteområdet i dei ulike treningsak-tivitettane, her kan man få til både kondisjonstrening, styrketrening eller trening av balanse.

Uansett kva ein vel å bruke naturen til, er vi sikre på at den vakre naturen rundt senteret er med på å skape ei god ramme for opphaldet.



MANGE VEGAR TIL HAUGLAND

Det er mange vegar som fører til Haugland og det er mange grunnar til å komme hit. Akkurat i dag er her 52 elevar frå to 5. klassar som har siste kvelden på sitt leirskuleopphald. Her er 200 studentar som har eksamensnervar og kvir seg til å skiljast frå medstudentane etter endt skuleår. Ikkje minst er her 70 pasientar som oppi alt dette finn plass til undervisning, trening, måltid, kvile og sosiale aktivitetar.



Rehabiliteringssenteret ligg vegg i vegg med United World College. For kultur og fritidsavdelinga er det ein fantastisk situasjon å hente inspirasjon frå 90 ulike nasjonar. Energien frå 200 unge spreier seg raskt om vi opnar opp for det.

Møteplassane mellom pasientane og studentane er mange og aktivitetane varierte. I går hadde vi ein av våre faste møtekveldar. Studentane hadde førebudd temaet: Kva er fellestrekk for mitt land og Norge? Vi fekk presentert dette frå studentar frå Russland, Brasil og Angola – gjennom bilete, musikk og ein felles quiz. Tema som musikk, språk, mat, sport og arkitektur vert diskutert med stort engasjement. Ein av pasientane er kokk og kunne «kvalitetssikre» om maten på eit bilete frå ein «norsk restaurant» i Brasil verkeleg var norsk. Den verste norske middagen

er fiskekaker seier studentane i kor – det smaker ingenting. Mange var overraska over at språk har så mange fellestrekk – men fotball er nok ein sikker aktivitet over alt. Det var smilande studentar og pasientar som kom ut ein time seinare etter ei fin felles oppleving. Dei hadde også fått vite at dei var velkommen på aktivitetane på skulen i helga. Fredag var det «World to Day» – med innleiing og diskusjon om dagsaktuelt tema og «filmklubbfilm» i auditoriet. Laurdag er det show med musikk og dans frå scenen – det siste for i år.

Elles i veka har vi felles malekveld i eitt av nausta våre, yoga, handverksaktivitetar og internasjonal dans. I tillegg vert alle nye pasientar oppmoda om å vere med på ei omvising med studentane måndagar – for å få betre innblikk i «studentane sitt Haugland» med undervisningrom,

auditoriet, kantine og bustader. Vi ser at dette er nytte og glede for begge partar. No er det snart sommar og studentane vert bytt ut med Røde Kors sine sommarleiar «Ferie for alle».

Det er mange vegar hit men også mange vegar herifrå. Vi håper at opphaldet på Haugland kan vere ein ballast for vegval framover.



Borghild og Christine

Modell for samhandling mellom institusjon, fastlege, pasient og NAV

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har sidan 2008 hatt ulike prosjekt knytt til samhandling mellom institusjonen og lokale aktørar som NAV og kommunehelsetenesta. Vår erfaring tilseier at når dialogen og samarbeidet mellom RKHR, NAV og kommunehelsetenesta er god, vert også resultatet for pasientane betre.

I ein pilotstudie (Delprosjekt 1, 2008-2010) såg vi på behovet for auka samhandling i enkeltsaker, og på behovet av å ha ein felles arena der ein kan få til overordna strategiar og optimale løysningar for gode rehabiliteringsforløp. Konklusjonen var at det er ønskeleg med meir kontakt både før, under og etter eit opphald ved ein rehabiliteringsinstitusjon. Det var brei semje om at det finst eit stort forbedringspotensiale i forhold til samhandling ved arbeidsretta rehabilitering.

I oppfølgingsstudien «Felles utskrivingsamtale» (Delprosjekt 2, 2011-2012) prøvde ein ut eit opplegg med

auka samhandling i utskrivingsfasen frå eit rehabiliteringssenter. Prosjektet gjekk ut på at ein hadde ein samtale mellom ansvarleg lege ved RKHR, pasienten og kommunehelsetenesteapparatet ved utskrivning. NAV var også med dersom det var tale om såkalla «komplisert rehabilitering». Modellen vart vurdert med ei kvalitativ forskingstilnærming. Basert på kunnskap oppnådd gjennom dei to første prosjekta (Utarbeiding av teoretisk modell og evaluering av behovet for auka samhandling og Evaluering av samhandling i praksis for ein del av eit rehabiliteringsforløp), vart det testa ut ein modell med bruk av videokonferanseutstyr som hjelpemiddel for auka dialog og samhandling mellom RKHR, fastlegane, NAV og pasienten gjennom heile rehabiliteringsprosessen (før innkost, under opphald og etter opphald).

Prosjektet har vist at ein ved auka samhandling før, under og etter rehabiliteringsopphald mellom

institusjon, pasient, NAV og fastlege oppnår eigarforhold til prosessen hos alle deltakarar. Dette kan føre til at pasienten i større grad når måla sine. Det er og mykje som tyder på at ein tidlegare i rehabiliteringsforløpet kjem i gang med hensiktsmessig behandling og felles forståing av måla for rehabiliteringsprosessen.

Det er mykje som tydar på at auka samhandling generelt og god lokal forankring spesielt gir auka tryggleik for pasientane. Videokonferanse som teknologisk verkemiddel ser ut til å fungere hensiktsmessig med tanke på samhandling i områder med stor geografisk spreiding. I prosjektet har vi og fått auka kunnskap om mogelegheiter, kvardagen og utfordringane hos dei øvrige aktørane, noko som vil vere nyttig i vidare samhandling og i dialog med pasient.

Prosjekta er støtta av Helsedirektoratet.

Samhandling med pasientens arbeidsgjevar som del av eit arbeidsretta rehabiliteringsprogram

Haugland Rehabiliteringssenter har lang erfaring med arbeidsretta rehabilitering. Ei av utfordringane når ein har arbeidsdeltaking som mål, er å få til dialog med den enkelte pasient sin arbeidsgjevar og NAV. Sparsam kontakt gjer at vi i liten grad kjenner til kva moglegheiter, vilje og evne som ligg hos arbeidsgjevar for samarbeid og tilrettelegging for pasienten. Manglande kommunikasjon kan også gjere det vanskelegare for pasientane når dei kjem heim og skal formidle plan for vidare arbeidsdeltaking.

I prosjektet Utpøving og evaluering av samhandling med pasientens arbeidsgjevar og NAV som del av arbeidsrettet rehabilitering var målet å prøve ut modellar for korleis ein kunne involvere arbeidsgjevar mens pasienten var på rehabilitering og slik sikre god forankring av plan for tilbakeføring til arbeid. Internt på rehabiliteringssenteret er det essensielt for samhandlingsprosessen at god kartlegging av arbeidsdimensjonen skjer tidleg i rehabiliteringsforlø-

pet. Dette er viktig for å kunne jobbe hensiktsmessig opp mot pasientens ressursar og plan frå starten av eit opphald, og for koordinering av samhandling med aktørar utanfor institusjon.

I prosjektet tok vi sikte på å utvikle metodar som kunne sikre systematikk i samhandlinga mellom arbeidsgjevar/NAV, institusjonen og pasient. Målet var å så tidleg som mogleg kunne få kartlagt kva moglegheiter og utfordringar den aktuelle arbeidsplass har med tanke på at pasienten skulle kunne kome raskt tilbake. Samstundes var det eit mål at pasienten sin plan for arbeid var godt forankra i bedrifta alt før pasienten var tilbake.

Evalueringa av prosjektet syner at pasientane har god nytte av denne utvida samhandlinga, både når det gjeld eigen måloppnåing og for vidare dialog med arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar ser også ut til å ha nytte av samhandlinga og gjer uttrykk

for at dialog mellom helseteneste og arbeidsplass har stor betydning for om tilbakeføring til arbeid skal lukkast. Det er mykje som tyder på at samhandling med arbeidsgjevar trygger pasient og til dels også arbeidsgjevar i vidare samhandling lokalt.

Prosjektet er støtta av Helsedirektoratet.

HOSPITERING

Interessa for å komme på hospitering ved Haugland Rehabiliteringssenter har også i 2013 vore stor. Vi har dette året hatt fleire fagpersonar på ein til to dagars hospitering hos oss som ledd i kompetanseheving, informasjon om behandlingstilbodet vårt og med tanke på samarbeid. Mellom anna har vi hatt besøk frå andre rehabiliteringsinstitusjonar, fastlegar, sjukepleiarar frå spesialisthelsetenesta og folkehelsekoordinator frå kommune. Tema har vore:

- Fokus på tverrfaglege legetimar og rehabilitering
- ME og korleis vi behandlar ME-pasientar
- Kognitiv terapi, kreft og samhandling
- Kognitiv terapi og livsstilendring

Hospitering er noko vi ser stor nytte av. Det vert sett opp eige program for kvar hospitering med utgangspunkt i målet til den/dei som kjem.

Vi har i 2013 hatt praksis-studentar og elever frå følgjande skular:

- Høgskulen i Bergen, avdeling for sjukepleie
- Høgskulen i Bergen, avdeling for fysioterapi
- Høgskulen i Bergen, avdeling for ergoterapi
- Høgskulen i Bergen, avdeling for idrett
- Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for sjukepleie
- Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for idrett
- Universitetet i Bergen, Klinisk institutt, human ernæring
- Dale Vidaregåande Skule, Helse og sosial

HAUGLANDSKURSET 2013

Hauglandskurset 2013 var ein del av prosjektet Ideologisk, teoretisk og terapeutisk grunnlag for tverrfaglig rehabilitering i spesialisthelsetenesta. Kurset vart arrangert på Haugland Rehabiliteringssenter/ Førde 05.- 06. november 2013. Tema for kurset var «Helsesport og tilpassa fysisk aktivitet i habilitering og rehabilitering». Målet var å samle praktikarar innan helsesport/ tilpassa fysisk aktivitet i rehabiliteringsfeltet i Norge for å dele erfaringar og kunnskap ein har på området.

Alle innlegga på kurset vart filma og materialet vil bli bearbeidd og nytta til opplæring internt og eksternt. Det vil også i samarbeid med Valnesfjord helsesportsenter, Beitostølen helsesportsenter og Sunnaas sjukehus bli arbeidd fram ein antologi på bakgrunn av innlegga som var på seminaret.

Hauglandskurset 2013 vart ein stor suksess. Det er svært viktig at fagmiljøet i rehabilitering samlast regelmessig og delar erfaringar og

teori. Dette for å sikre at ein utviklar ein felles fagleg plattform for rehabilitering, og for å sikre kompetanseoverføring til andre institusjonar og personar som arbeidar med rehabilitering.

Prosjektet var støtta av Helsedirektoratet.

Driftsavtalar

Senteret har i 2013 hatt avtale med Helse Vest om levering av rehabiliteringstenester. Hovud-avtala omfattar to delavtalar, avtala om spesialiserte rehabiliteringstenester og avtale innanfor «Raskare tilbake ordninga».

Avtale om spesialisert rehabilitering

Avtala omfattar totalt 59 plassar: 55 døgnplassar og 4 plassar dagplassar. Innanfor denne volumramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Pasientar med følgjetilstander etter kreftsjukdom
- Pasientar med nevrologisk sjukdom
- Pasientar med muskel skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar
- Pasientar med Tinnitus
- Pasientar med sjukleg overvekt

Avtale innanfor Raskare tilbake ordninga

Senteret har avtale om 10 døgnplassar og 1 dagplass innanfor Raskare tilbake ordninga.

Driftstilskot til lymfødempoliklinikk

Senteret har driftstilskot frå Askvoll og Fjaler kommune for å drive lymfødempoliklinikk. Tilbodet gjeld komplett fysikalsk lymfødembehandling (KFL), samt veiledning etter kreftbehandling.

Poliklinikken har også i år gitt rettleiing til fysioterapeutar i kommunehelsetenesta i fleire kommunar som har pasientar med lymfødempoblematikk.

PASIENTEVALUERING

Senteret gjennomfører brukarundersøking for å kartlegge pasientane sin tilfredsheit med tilboda på senteret. Skjemaet er utarbeidd av Kunnskapssenteret og har spørsmål både om fagleg kompetanse, bemanning, standard og aktivitetstilbod. Pasientane får meg seg skjemaet når dei reiser frå senteret og skal sende tilbake innan ei veke etter avslutta opphald. Svarprosenten i 2013 var 52 %.

Pasientane svarer på totalt 39 spørsmål, der dei rangerer frå 1 (ikkje i det heile tatt) til 5 (i svært stor grad). Gjennomsnitt score i 2013 var 4,1.

Vi set pris på dei tilbakemeldingane vi får frå pasientane og er glade for at mange er svært nøgde med tilbodet. Tilbakemeldingane blir nytta i det kontinuerlege forbetningsarbeidet ved institusjonen.



UTBYGGING

Eit av kvalitetsmåla våre er å ha god standard på bygg og anlegg. Det har difor dei siste åra vore prioritert å oppgradere både treningsfasilitetane, matsal og pasientromma. I 2013 starta ein arbeidet med å planlegge nye pasientbustadar. Dette for å kunne ta imot framtidas pasientar på ein så god måte som mogleg.

To nye bu-einingar skal erstatte tre av dei gamle hyttene frå 1980-talet. Dette vil gje oss nye, moderne pasientrom og ei auke i overnattingskapasitet med 11 rom. Dei nye husa har fem rom i kvar etasje, alle med eige bad og utsikt til fjorden. Romma er romslege slik at det er plass til å ha med pårørande. I kvar etasje

er fellesrom med stove, kjøkken og vaskerom. Vi har stor tru på at dei nye bygga vil bidra til god trivsel for våre besøkande.



GEOGRAFISK FORDELING

I 2013 kom totalt 98 % av pasientane som var på opphald ved senteret frå Helseregion Vest. 65 % av pasientane kom frå Hordaland, 24 % kom frå Sogn og Fjordane og 9 % frå Rogaland. 2 % kom frå andre helse-

seregionar. Vi ser lita endring på den geografiske fordelinga frå år til år.


Når det gjeld fordeling på kommunar, var det Bergen kommune og Askøy kommune i Hordaland som

tilviste flest pasientar til institusjonen i 2013. I Sogn og Fjordane kom det flest pasientar frå Førde og Askvoll, mens det frå Rogaland var flest frå Stavanger, Haugesund og Sandnes.



ALDERSFORDELING



Gjennomsnittsalder på pasientane var 48 år. Totalt var 83 % av pasientane under 70 år.



Senteret er representert i følgjande nettverk:

- Nasjonalt fagråd for arbeidsretta rehabilitering.
- Nasjonalt nettverk for kreftrehabilitering.
- Ressursnettverk for sjukepleiarar i kreftomsorg og palliativ behandling, Sogn og Fjordane
- Nasjonalt nettverk for arbeidsretta rehabilitering
- Referansegruppe for regionalt senter for habilitering og rehabilitering

DIAGNOSEFORDELING



FORSKINGSAKTIVITET

Institusjonen legg stor vekt på å kunne dokumentere resultat av behandlinga og saman med andre forskingsmiljø bidra til meir kunnskap om effekt av ulike behandlingar. Vi har i 2013 hatt forskningssamarbeid med Senter for helseforskning i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitet i Oslo, Høgskulen, Hemisenteret, Universitetet i Bergen og

Haugland Internasjonale Forsking og utviklingssenter.

Forskningsprosjekta i 2013 har i hovudsak vore knytt forskning til to av våre tilbod, tilbodet til unge kreftpasientar og livsstilsending for pasientar med sjukleg overvekt.

Publikasjonar 2012/2013

- Aadland E., Anderssen SA. (2012): Treadmill calibration of the Actigraph GT1M in young-to-middle-aged obese-to-severely obese subjects. *Journal of Obesity* 2012, 2012: Article ID 318176.
- Aadland E, Steene-Johannessen J. (2012): The use of individual cut points from treadmill walking to assess free-living moderate to vigorous physical activity in obese subjects by accelerometry: is it useful? *BMC Medical Research Methodology* 2012, 15:172
- Aadland E, Jepsen R, Andersen JR, Anderssen SA (2012): Increased physical activity improves aerobic fitness but not functional

walking capacity in severely obese subjects.

- Aadland E. og Robertson L. (2012): Physical Activity Is Associated with Weight Loss and Increased Cardiorespiratory Fitness in Severely Obese Men and Women Undergoing Lifestyle Treatment. *Journal of Obesity*, vol. 2012, Article ID 810594, 9 pages, 2012. doi:10.1155/2012/810594.
- Hauken, May Aasebø MSc, RN; Holsen, Ingrid PhD; Fismen, Eirik MD; Larsen, Torill Marie Bogsnes PhD (2013): Participating in Life Again: A Mixed-Method Study on a Goal-Orientated Rehabilitation Program for Young Adult

Cancer Survivors.

- Hauken, May Aasebø MSc; Holsen Ingrid PhD; Larsen Torill Marie Bogsnes PhD. (2013): Meeting Reality: Young Adult Cancer Survivors' Experiences of reentering Everyday Life after Cancer Treatment.
- Hauken, May Aasebø MSc; Holsen Ingrid PhD; Larsen Torill Marie Bogsnes PhD. (2013): «Working toward a good life as a cancer survivor: A longitudinal study of positive health outcomes of a rehabilitation programme for young adult cancer survivors».

ÅRSMELDING FOR 2013

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og rehabilitering innan «Raskare tilbake» ordninga. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2013 er positivt med kr.3 003 728,-. Selskapet har i 2013 hatt ein reduksjon i egenkapital frå kroner 11.217 663 til kroner 5 621 391,- Reduksjon i egenkapital skuldast eit ekstraordinært utbytte til aksjonær på 1 kroner 8 600 000,-. Det vart ved årskiftet søkt om skattefritak og ein venter på svar på søknaden.

3. Framleis drift

Styret stadfester at føresetnaden for framleis drift er til stades og dette er lagt til grunnved avlegging av

årsrekneskapen. Driftsavtala med Helse Vest RHF går ut 31.12.14 og ein har levert nytt anbud gjeldande frå 01.01.15.

4. Arbeidsmiljø


Sjukefråværet i 2013 var på 2,74 %. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.


Gjennomsnittleg tal årsverk var 60. Gjennomsnittleg tal tilsette var 79 av dette var 16 menn og 63 kvinner. Selskapet sitt styre har 7 medlemmer, fire menn og tre kvinner.


5. Ytre miljø


Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljø.


Førde, 28/12 2014



Arve Due Lund
Styreleiar



Børre Jacobsen
Nestleiar



Aud Alice Viken
Medlem


Olav Reidar Furnes
Medlem


Åge Henry Ness
Medlem


Ellen Marie Njøs Lillesvangstu
Medlem


Kirsti Nordstokkå Hellesey
Medlem


Inger Johanne Osland
Daglig leder

Balanse

pr. 31. 12. 13

EIENDELER

	Noter	2013	2012
Anleggsmidler Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel	8	361 577	340 640
Sum immaterielle eiendeler		361 577	340 640
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	1	61
Driftsløsøre, inventar, verkøy, kontormaskiner o.l.	3	2 353 358	2 899 388
Sum varige driftsmidler		2 353 359	2 899 449
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjer og andeler	6	50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmidler		50 000	50 000
Sum anleggsmidler		2 764 936	3 290 089
Omløpsmidler			
Varer		212 500	156 800
Fordringer			
Kundefordringer		139 369	182 489
Andre fordringer	6	215 673	121 680
Sum fordringer		355 042	304 169
Bankinnskudd, kontanter o.l.	7	18 350 196	17 852 067
Sum omløpsmidler		18 917 738	18 313 036
SUM EIENDELER		21682675	21 603125

EGENKAPITAL OG GJELD

Egenkapital

Innskutt egenkapital

Aksjekapital	2 558 312	2 558 312
Sum innskutt egenkapital	2 558 312	2 558 312

Opptjent egenkapital

Annen egenkapital	3 063 079	8 659 351
Sum opptjent egenkapital	3 063 079	8 659 351
Sum egenkapital	4 5 621 391	11 217 663

Gjeld

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	884 702	953 398
Betalbar skatt	8 1 206 995	511 140
Skyldige offentlige avgifter	2 267 287	2 441 583
Gjeld til selskap i samme konsern	6 8 600 000	2 400 000
Annen kortsiktig gjeld	3 102 299	4 079 342
Sum kortsiktig gjeld	16 061 283	10 385 462
Sum gjeld	16 061 283	10 385 462
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	21682675	21603125

Noter 2013 2012

Resultat

pr. 31. 12. 13

DRIFTSINNTEKTER

OG DRIFTSKOSTNADER

	Noter	2013	2012
Driftsinntekter		51808545	50 435 264
Annen driftsinntekt		3 134 177	2 841 423
Leieinntekt	5	944 776	994 283
Sum driftsinntekter		55 887 497	54 270 969
Varekostnad		2 795 244	2 697 957
Lønnskostnad	2	33 700 763	33 342 594
Ordinær avskrivning	3	948 260	1 099 610
Annen driftskostnad	2, 5	14 609 754	13 382 498
Sum driftskostnader		52 054 020	50 522 659
Driftsresultat		3 833 477	3748311

Finansinntekter og finanskostnader

Annen renteinntekt		356 892	309 292
Annen rentekostnad		-583	0
Netto finansresultat		356 309	309 292
Ordinært resultat før skattekostnad		4 189 786	4 057 603
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-1 186 058	-1133881
Ordinært resultat		3 003 728	2 923 722
ÅRSRESULTAT		3 003 728	2 923 722

Overføringer

Overført til/-fra annen egenkapital		3 003 728	1 195 722
Avgitt konsernbidrag (etter skatt)		0	1 728 000
Sum overføringer		3 003 728	2 923 722

Førde.....2014


Arne Morten Due Lund
Styreleder


Børre Jacobsen
Nestleder



Olav Reidar Furnes
Medlem


Age Henry Ness
Medlem


Aud Alice Viken
Medlem


Inger Johanne Osland
Daglig leder


Ellen Marie Lillevangstu Njøs
Medlem


Kirsti Nordstokkå Helleøy
Medlem

Noter

Note 1 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge for små foretak. Regnskapsprinsippene beskrives nedenfor.

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipper

Regnskapet bygger på de lovbestemte grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk.

Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester. Driftsinntekter er fratrukket merverdiavgift, rabatter og bonuser.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes å ikke være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Note 2 – Lønn, godtgjørelser, antall ansatte, mm.

Lønnskostnad		2013	2012
Lønn		27 211 681	26 725 788
Folketrygdavgift		3 192 426	3 233 426
Pensjonskostnader		2 812 403	2 968 655
Andre ytelser		484 253	414 725
Sum		33 700 763	33 342 594
Antall årsverk		59	62
Ytelser til ledende personer	Pensjons- Lønn kostnader	Annen godtgjørelse	Sum
Daglig leder	733 613	14 502	5857
Styrehonorar	124 170	0	0
			753 972
			124 170

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven.

Revisor

Godtgjørelse i året til Deloitte AS for revisjon utgjør Kr 60.000. Godtgjørelse for teknisk regnskapsbistand og oppsett av ligningspapir utgjør kr 10.000. Honorar for andre tjenester utgjør kr 116 000.

Note 3 – Varige driftsmidler

	Bygg	Løsøre	Sum
Kostpris 01.01	2 682 205	8 124 983	10 807 188
Tilgang i året	0	402 170	402 170
Avgang i året	0	0	0
Kostpris 31.12	2 682 205	8 527 153	11 209 358
Samla ordinære avskrivninger	982 204	6173 795	7 155 999
Ekstraordinær nedskrivning	1 700 000	0	1 700 000
Bokført verdi 31.12	1	2 353 358	2 353 359
Årets avskrivninger	60	948 200	948 260
Prosentats for avskrivning	10 %	10-20 %	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 4 – Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser. B-aksjene gir ikke stemmerett.

Eierstruktur	Antall	Klasse	Pålydende	Eierandel	Stemmeandel
SFRK Eigedom AS	2500000	A-aksjer	kr 1	97,7%	100%
SFRK Eigedom AS	58 312	B-aksjer	kr 1	2,3%	0%
Totalt antall aksjer	2 558 312			100,0%	100%

Spesifikasjon av egenkapital:		Annen egenkapital	Sum
	Aksjekapital		
Kapital 1.1.	2 558 312	8 659 351	11 217 663
Årets resultat		3 003 728	3 003 728
Tilleggsutbytte		-8 600 000	-8 600 000
Kapital 31.12	2 558 312	3 063 079	5 621 391

Noter

Note 5 – Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom A. En del av disse lokalitetene framleies til Røde Kors Nordisk United World College.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 5.104.392. Framleie til Røde Kors Nordisk United World College er inntektsført med kr 550.000.

Note 6 – Tilknyttet selskap i samme konsern

Firma	Ansk. tidspunkt	Forretnings- kontor	Eier-/stem- meandel	Egenkapital pr. 31.12.11	Resultat pr. 31.12.12
Haugland Internasjonale FOU Senter AS	08.06.1995	Fjaler	33%	49 809	-420 184

Mellomværende med morselskap,
Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:

Mellomværende pr. 31.12	2013	2012
Langsiktig fordring	0	0
Kortsiktig fordring	480	480
Kortsiktig gjeld	8 600 000	2 400 000

Note 7 – Bankinnskudd

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfatter bundne skattetrekksmidler med kr 1 123 617.

Note 8 – Skattekostnad

Årets skattekostnad fremkommer slik	2013	2012	Endring
Betalbar skat	1206995	511 140	
Regnskapsført skatt på konsernbidrag	0	672 000	
Korrigerer forrige år	0	13	
Endring i utsatt skatt	-20 937	-49 272	
Skattekostnad	1 186 058	1 133 881	

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:	2013	2012	
Driftsmidler	-1 327 176	-1 204 572	
Kundefordringer	-12 000	-12 000	
Sum	-1 339 176	-1216572	
Skattesats	27%	28%	
Netto utsatt skattefordel/ -forpliktelse i balansen	-361 577	-340 640	-20 937

Selskapet har til behandling søknad om skattefritak hos skattemyndighetene.

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS som viser eit overskot på kr 3 003 728. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på grunnlag av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilde. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS per 31. desember 2013 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 28. april 2014

Deloitte AS



Leif Kilnes
statsautorisert revisor



Rehabiliteringssenter



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

6968 Flekke • Tlf. 57 73 71 00 • Fax 57 73 57 96

E-post: inntak@rkhr.no • www.rkhr.no